

## KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/22/25

av 16. februar 2004

**om andre endring av vedtak 2002/975/EF om innføring av vaksinasjon for å utfylle vernetiltaka mot svakt sjukdomsframkallande aviær influensa-virus i Italia, og om særlege tiltak for kontroll med flytting(\*)**

[meldt under nummeret K(2004) 393]

(2004/159/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlskontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked<sup>(1)</sup>, sist endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/33/EF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 10 nr. 4,

med tilvising til rådsdirektiv 89/662/EØF av 11. desember 1989 om veterinærkontroll ved handel innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked<sup>(3)</sup>, sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003<sup>(4)</sup>, særleg artikkel 9 nr. 4,

med tilvising til rådsdirektiv 92/40/EØF av 19. mai 1992 om innføring av fellesskapstiltak for å bekjempe hønsepest<sup>(5)</sup>, sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003, særleg artikkel 16, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I oktober 2002 melde Italia frå til Kommisjonen om førekomststar av infeksjonar med eit svakt sjukdomsframkallande aviær influensa-virus av undertypen H7N3 i regionane Veneto og Lombardia, og om at sjukdommen spreidde seg snøgt.
- 2) Dei italienske styresmaktene sette følgeleg i verk kraftige tiltak, medrekna slakting av infiserte flokkar, for å kontrollere spreinga av sjukdommen. Som eit tilleggstiltak bad dei italienske styresmaktene òg om godkjenning av eit vaksinasjonsprogram mot aviær influensa som skal vare i minst 18 månader, for såleis å unngå at infeksjonen spreier seg endå meir.

- 3) Vaksinasjonsprogrammet vart godkjent ved kommisjonsvedtak 2002/975/EF<sup>(6)</sup>, som inneheld føresegnar om vaksinasjon mot aviær influensa i eit område som er nemnt i vedlegget. Vedtaket omfattar òg særlege kontrolltiltak som til dømes restriksjonar på flytting av levande fjørfe, rugeegg og egg som er meinte for direkte konsum, med sikte på handel innanfor Fellesskapet.
- 4) På bakgrunn av tidlegare røynsler bør det godkjende vaksinasjonsprogrammet endrast, slik at det kan setjast i verk eventuell vaksinasjon av avlsdyr av fjørfe og dei vaksinasjonsordningane som vert nytta på ulike kategoriar fjørfe, særleg eggleggjande fjørfe, kan endrast. Restriksjonane med omsyn til hald av visse kategoriar fjørfe over ei viss aldersgrense bør vurderast på nytt, samstundes som det vert teke omsyn til den positive epidemiologiske utviklinga i førekomsten av aviær influensa i desse populasjonane.
- 5) Dei gjeldande restriksjonane på handel innanfor Fellesskapet med produkt med opphav i driftseiningar som ligg innanfor ein fastsett radius frå ei driftseining som er infisert med svakt sjukdomsframkallande aviær influensa, bør vurderast på nytt, og opphevast så fram det vert gjennomført visse førebyggjande tiltak.
- 6) Skjelneprøva (iIFA-prøva) som vart godkjend ved kommisjonsvedtak 2001/847/EF<sup>(7)</sup> for bruk på kalkunar, er no vorten utvikla ytterlegare, og bruken av henne på andre artar av fjørfe, særleg kjuklingar, bør gje dei naudsynte dyrehelsegarantiane for handel innanfor Fellesskapet med ferskt kjøtt frå vaksinerte kjuklingar.
- 7) Førekomsten av infeksjonar med svakt sjukdomsframkallande aviær influensa er vorten monaleg mindre dei siste månadene. Vaksinasjonsprogrammet bør likevel lengjast med ytterlegare seks månader for å verne populasjonen mot at infeksjonen kjem tilbake.
- 8) Vedtak 2002/975/EF bør difor endrast.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 50 av 20.2.2004, s. 63, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 47/2005 av 29. april 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 46 av 15.9.2005, s. 8.

(<sup>1</sup>) TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.  
 (<sup>2</sup>) TEF L 315 av 19.11.2002, s. 14.  
 (<sup>3</sup>) TEF L 395 av 30.12.1989, s. 13.  
 (<sup>4</sup>) TEF L 122 av 16.5.2003, s. 1.  
 (<sup>5</sup>) TEF L 167 av 22.6.1992, s. 1.

(<sup>6</sup>) TEU L 337 av 13.12.2003, s. 87. Vedtaket endra ved vedtak 2003/436/EF (TEU L 149 av 17.6.2003, s. 33).  
 (<sup>7</sup>) TEF L 315 av 1.12.2001, s. 61.

- 9) Dette høvet bør samstundes nyttast til å oppheve kommisjonsvedtak 2000/149/EF<sup>(1)</sup>, 2003/153/EF<sup>(2)</sup>, 2003/359/EF<sup>(3)</sup> og 2003/428/EF<sup>(4)</sup>, som vart vedtekte i samband med utbrot av sterkt sjukdomsframkallande aviær influensa i Italia i 2000 og i Nederland og Belgia i 2003, og som ikkje lenger vert nytta.
- 10) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

#### *Artikkel 1*

Dei endringane som Italia har bede om av det vaksinasjonsprogrammet som vart vedteke ved vedtak 2002/975/EF, og som særleg gjeld:

- a) høvet til å vaksinere avlsdyr av fjørfe,
- b) endringa av dei vaksinasjonsprogramma som vert nytta på ulike kategoriar fjørfe i høve til immunstatusen deira, særleg eggleggjande fjørfe,
- c) endringa av overvakingsprogrammet for fjørfe med opphav i vaksinasjonsområdet,
- d) bruken av ytterlegare ein heterolog vaksine av virusstamma A/c/Italia/1067/1999/H7N1,
- e) lenginga av levetida til visse kategoriar fjørfe, og
- f) lenginga av vaksinasjonsprogrammet med seks månader (24 månader til saman),

er godkjende.

#### *Artikkel 2*

I vedtak 2002/975/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. Artikkel 3 nr. 3 vert oppheva.

2. a) I artikkel 5 nr. 1 bokstav c) vert «tre kilometer» endra til «éin kilometer».
- b) I artikkel 5 nr. 2 og 3 vert «og kjuklingar» og «og kjukling» sette inn etter høvesvis «kalkunar» og «kalkun», og «kalkunkjøt» vert bytt ut med «kalkun- og kjuklingkjøt».
3. a) I vedlegg II nr. 1 vert «og kjuklingar» sett inn etter «kalkunar».
- b) I vedlegg II skal nr. 2 lyde:

#### **«2. Bruk av prøva ved sending av ferskt kjøt av kalkun og kjukling frå vaksinasjonsområdet i Italia til andre medlemsstatar**

Kjøt frå kalkunar og kjuklingar som er vaksinerte mot aviær influensa, kan sendast til andre medlemsstatar på det vilkåret, så framt alle dyra vert haldne i éin bygning, at den offentlege veterinæren innan sju dagar før slakting tek blodprøver av minst ti vaksinerte kalkunar eller kjuklingar som er meinte for slakting. Dersom dyra derimot vert haldne i fleire enn éi gruppe eller éin bygning, skal det takast prøver av minst 20 vaksinerte dyr som vert valde ut tilfeldig frå alle gruppene eller bygningane på driftseininga.»

#### *Artikkel 3*

Vedtak 2001/149/EF, 2003/153/EF, 2003/359/EF og 2003/428/EF vert oppheva.

#### *Artikkel 4*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 16. februar 2004.

*For Kommisjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommisjonen*

<sup>(1)</sup> TEF L 50 av 23.2.2000, s. 22.

<sup>(2)</sup> TEU L 59 av 4.3.2003, s. 32.

<sup>(3)</sup> TEU L 123 av 17.5.2003, s. 59.

<sup>(4)</sup> TEU L 144 av 12.6.2003, s. 15.